Planvask areal utanfor tettstadane kommuneplanen 2026-2037 fagnotat



Rapportansvarleg og deltakarar i arbeidet med notatet

Rapportansvarleg	Hilde Tjemsland
Deltakar	Yvonne van Bentum
Deltakar	Torfinn Nærland
Dato	01.09.2026

Innhold

1. Innleiing 3
2. Føringar 3
a) Planprogram KP 2026–2037 3
b) Kommunale plandokument 3
c) Regionale føringar 4
d) Nasjonale føringar 4
3. Fagleg utgreiing og vurdering av tema 5
3.1. Formål forsvar 5
3.1.1. Oversikt om områda som ligg i gjeldande kommuneplan 5
3.1.2. Vurdering av forsvarsområda 7
3.2. Formål råstoffutvinning 7
3.2.1 Oversikt om områda som ligg i gjeldande kommuneplan 7
3.2.2 Vurdering masseuttaksområde 20
3.3. Anna formål 21
3.3.1. Område til golfbanen på Grødem 21
4. Avslutning og hovudkonklusjon 24
4.1 Forsvar 24
4.2 Masseuttaksområde 24
4.3 Golfbanen 25
5. Plankart 25
Råstoffutvinning: 25

1. Innleiing

Planvask er eit relativt nytt ord innan arealplanlegging. Ordet vert brukt som ei oppsummering av fleire krav til planlegging som det kanskje ikkje har vore så mykje fokus på tidlegare. I nasjonale forventningar til kommunal planlegging frå staten er det forventa at kommunane skal vurdera allereie godkjende arealføremål som ligg i kommuneplanen. Dette skal gjerast særleg med auka fokus på mellom anna klima, naturmangfald, kulturmiljø og jordvern.

2. Føringar

a) Planprogram KP 2026–2037

Eit av måla med planarbeidet jf. fastsett planprogram er ei rydding i arealformål som vert vurderte å ikkje vera relevante lenger (planvask). Dette gjeld for eksempel areal sett av til «Forsvar» og mindre område sett av til «Råstoffutvinning» Det er tre område med formål «Forsvar» og fjorten område med formål «Råstoffutvinning». Gjennomgangen av plankartet har også vist nokre andre område som ein vil kunna vurdera.

Dette fagnotatet skal avklara:

- Gjennomgang av alle områda sette av til råstoff i kommuneplanen, og avklara i kva grad arealet framleis er aktuelt, eller om det kan tas ut.
    - I tilfellet arealet ikkje lenger er aktuelt, må ein eventuell reguleringsplan også gjennomgåast for å eventuelt verta oppheva.
- Gjennomgang av alle område sette av til forsvar i kommuneplanen, og avklara i kva grad områda framleis er aktuelle, eller om det eller dei kan tas ut.
    - I tilfellet dei ikkje lenger er aktuelle må ein eventuell reguleringsplan også gåast gjennom for å eventuelt verta oppheva.
- Om det er andre område som burde tas ut.

b) Kommunale plandokument

I gjeldande kommuneplan er 16 område sette av til masseuttak. Størrelsen varierer frå 2 daa til 300 daa. Til saman er 1574 daa vist som masseuttak i gjeldande kommuneplan. Det er ein konsentrasjon av område sør for Undheim, med om lag 850 daa, etterfølgt av Kalberg med rundt 600 daa. Dei andre områda er spreidde i kommunen, men det største området er på Sæland på nær 100 daa. Uttaksområda har vore med i kommuneplanen i lengre og kortare periodar. Eit område på Kalberg vart sett av til masseuttak før 1998, medan eit område, Storamyr sør for Undheim, kom inn ved siste rullering.

I gjeldande kommuneplan er 3 område, 910 daa, vist som forsvarsområde.

c) Regionale føringar

Utviklingsplan for Rogaland 2025–2028 – regional planstrategi (2024)

I 2020 vedtok fylkestinget å revidera Regionalplan for massehandtering (2017). Målet var mellom anna å utvida planen sitt geografiske nedslagsfelt og innlemma dei to regionale planane for byggeråstoff på Jæren (2006) og i Ryfylke (2013). Dette planarbeidet har enda ikkje starta opp. Vidare arbeid med rullering av massehandteringsplanen vil inngå i ny Regionalplan for regional utvikling, areal og mobilitet, med mål om å avvikla dei tre regionale planane for massehandtering og byggeråstoff som sjølvstendige plandokument.

Regionalplan for byggeråstoff på Jæren (2006)

Sitat fra Regionalplan for byggeråstoff på Jæren

«I Rogaland er det små reserver av sand og grus, og eksisterende ressurser tas ut i høyt tempo. Samtidig er Jæren i kraftig vekst. Regionen har dynamisk næringsliv, sterk befolkningsøkning og høy byggevirksomhet av boliger, næringsbygg og infrastruktur. Slik aktivitet krever tilgang til byggeråstoffer som sand, grus og pukk. Planen gir oversikt over gjenværende mineralressurser i Rogaland, og beskriver hvordan forekomstene kan utnyttes på best mulig måte.» I Time kommune er 7 område vurderte, meir om desse under kapittel 3.

Regionalplan for massehåndtering på Jæren (2017)

Planen gir føringar for korleis arealplanlegging kan bidra til ei meir berekraftig handtering av overskotsmassar. Målet er å nytta minst mogleg nye massar, samtidig som fokuset vert flytta over på gjenbruk av eksisterande massar. Ved å legga til rette for meir gjenbruk kan dei ikkje-fornybare ressursane av stein og grus sparast til kommande generasjonar.

d) Nasjonale føringar

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 står det om viktigheita av ei heilskapleg mineralforvaltning, økonomisering av ressursane og viktigheita av auka søkelys på gjenbruk. Det er òg søkelys på at kommunen må sikra dei langsiktige arealbehova mineralnæringa har. Samtidig må kommunen:


- *Punkt 46: «Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, …».*
- *Punkt 69: «Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen blir det vurdert om areal som tidlegare har vore sette av til føremål som inneber omdisponering av dyrka jord, skal tilbakeførast til landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsføremål.»*

Stortinget vedtok 16.06.2023 ein nasjonal jordvernstrategi der det nasjonale målet for omdisponering av landbruksjord vart redusert til maks 2000 daa/år. Det er forventa at kommunane må ha fokus på å unngå omdisponering, og må vurdera tilbakeføring av areal som ligg i kommuneplanen og som over tid ikkje har vore regulert eller ikkje tilfredsstiller viktige mål, som omsyn til jordvern og natur.

3. Fagleg utgreiing og vurdering av tema

3.1. Formål forsvar

3.1.1. Oversikt om områda som ligg i gjeldande kommuneplan

Område ved Røyrvatnet	Areal: Kvart område er på om lag 450 daa. 41/1, 45/27, 47/11
	KPA 2003-2014: Bandlegging for forsvaret KPA 2011-2018: Forsvar
Reguleringsplan	Områda er ikkje regulerte
Landbruk	Anna fastmark
Forsvaret	Har gitt skriftleg uttrykk for at områda kan omdisponerast.
Grunneigarar	Dialog i høyringsperioden
Temakart Rogaland: Områda ligg i det regionale friluftsområdet Timeheia aust -. Sikvalandsheia, og har delvis kystlynghei. Det er registrert sensitive artsdata innanfor området.	
KONKLUSJON Dei to områda, på til saman omtrent 900 daa, kan førast tilbake til formål LNFR.	


Område sør for Melsvatnet	Areal: 10,2 dekar, 43/19
Kommuneplanen  	KPA 2003-2014 (mogleg også før det): Bandlegging for forsvaret KPA 2011-2018: Formål: Forsvar Området grenser til Landskapsvernområdet Lyngaland, vises med skravur på kartutsnittet for kommuneplanen.
Reguleringsplan	Området er ikkje regulert
verneområde	Landskapsvernområdet Lyngaland, vert vist med skravur på kartutsnittet for kommuneplanen, og er ein del av eit større landskapsvernområde av nasjonal interesse (KULA).
Forsvaret	Har gitt skriftleg uttrykk for at områda kan omdisponerast.
Grunneigar	Ønsker området omdisponert til næring
Informasjon om tidigare bruk, frå grunneigar: Eigedommen vart etter krigen skilt ut frå gardsbruk som ligg til, gnr. 42 bnr. 2, og ført over til bruk for forsvaret. I 1951 vart det oppført garasjar for lagring av militært materiell, i all hovudsak køyretøy. Tidleg på 2000 talet hadde ikkje forsvaret bruk for anlegget lenger. Dette anlegget, i tillegg til ein mengde andre anlegg, vart vedteke selt ut, med det formål å overføra til bruk for fredelege formål. Eigar av garden hadde forkjøpsrett, og kjøpte anlegget frå forsvaret. Eigendommen vart selt til nåverande eigar i 2006.	
Annan informasjon: Forsvarsområdet ligg vis a vis Melsvatnet som er regulert i plan 0229.00 Reguleringsplan for Melsvatnet friluftsområde.	
KONKLUSJON Området bør verta omdisponert frå formål Forsvar til LNFR. Dette vil vera naturleg for å ta omsyn til jordvern og interessene som ligg omkring (bandlagt område Natur + omsynssonene friluftsliv og bevaring natur). Ei omdisponering til næring vil kunna skapa ein presedens for bruk av fleire tomme landbruksbygg.	

3.1.2. Vurdering av forsvarsområda



Alle areal med formål Forsvar kan omdisponerast, da forsvaret har utrykt at dei ikkje lengre treng desse områda. Alle områda bør gjerast om til LNFR. Styringsgruppa for arbeidet med revidering av kommuneplanen ønsker derimot at formålet til området sør for Melsvatnet vert endra i Næring, men då berre til lagring.


3.2. Formål råstoffutvinning


3.2.1 Oversikt om områda som ligg i gjeldande kommuneplan

RK1 – RK5	Areal: RK1 103 da, RK2 100 da, RK3 199 da, RK4 30 da, RK5 76 daa
Kommuneplan 	Alle desse fem områda ligg på Kalberg. Områda er anten i full drift, nyleg regulert eller er nyleg tekne inn i kommuneplanen (godkjend 2021).
KONKLUSJON: Områda tas ikkje ut av kommuneplanen.	


RX, nord for Åslandsvegen	Areal: ca. 2 dekar
NGU	Område med lausmassar. NGU skriv at området ikkje ser ut til å vera eigna for kommersiell drift.


	
Kommuneplanen 	Området kom inn i kommuneplan perioden 2011-2022.
Reguleringsplan	Området er ikkje regulert.
Landbruk	Vert vist som skog. Ut frå kartdata har det vore hogst relativt nyleg.
Fylkesdelplan for byggeråstoff:	Området er ikkje vurdert.
Grunneigar	Er ikkje kontakta per dags dato. Dialog i løpet av høyringsperioden.
Anna informasjon:	Området er lite og ligg i eit område med hogst. Ingen bekker i eller i nærleiken av området. Det er ikkje gjort vurderingar rundt friluftsliv og naturmangfald
KONKLUSJON: Området, på 2 daa, tas ut av kommuneplanen. Når området er ute av kommuneplanen vil eventuell bruk av massane verta styrt gjennom landbrukslovgivinga.	


RX, sør for Åslandsvegen	Arealet: 7 daa
Frå NGU: 	Område med lausmassar. NGU skriv at området ikkje ser ut til å vera eigna for kommersiell drift.
Kommuneplan	Området kom inn i kommuneplan perioden 2011-2022.

	
Omsynssoner langs verna vassdrag, vassdragsbeltet 	Uttaksområdet ligg i omsynssone verna vassdrag med forvaltningsklasse 2; Ein må oppretthalda hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar forholda i kantvegetasjonen langs vass-strengen og i område som er ein naturleg del av vassdragsnaturen, bør ikkje tillatast. Leveområde for trua plante- og dyreartar og område med rike kulturminne skal særleg skjermast mot inngrep.
Landbruk	Området består av skog, fulldyrka, beite og ein landbruksveg.
Fylkesdelplan for byggeråstoff	Området er ikkje vurdert.
Anna informasjon:	Området ligg svært nær ein bekk som renn vidare til Orrebekken/Åslandsbekken/ Frøylandsbekken
Grunneigar	Er ikkje kontakta per dags dato. Dialog ila. høyringsperioden.
KONKLUSJON: Området tas ut av kommuneplanen	


R7, Hålandsvatnet	Areal 17 da
Frå NGU	Området vert ikkje vist som lausmasseområde. Hovudbergarten er granitt.
Kommuneplanen 	Området ligg ved Hålandsvatnet. Kom inn i kommuneplan 2003-2014 som A8.


Omsynssoner langs verna vassdrag, vassdragsbeltet 	Delar av uttaksområdet ligg i omsynssone verna vassdrag med forvaltningsklasse 2; Ein må oppretthalda hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar forholda i kantvegetasjonen langs vass-strengen og i område som er ein naturleg del av vassdragsnaturen, bør ikkje tillatast. Leveområde for trua plante- og dyreartar og område med rike kulturminne skal særleg skjermast mot inngrep.
Reguleringsplan	Påbegynt reguleringsplan 0327.00, arkivsak 08/1607. Planarbeidet vart formelt avslutta i 2009 fordi forslagsstillar ikkje ønska å gå vidare med planen.
Landbruk	Området ligg vis a vis ei myr. Området er innmarksbeite (AR5)
Fylkesdelplanen	Området er ikkje vurdert, då området er vurdert til å ha lokal betydning for ein aktør som hadde planar om å ta ut grus.
Grunneigar	Dialog i løpet av høyringsperioden
KONKLUSJON: Området er av lokal eller privat interesse. Området vert redusert, slik at dei 10 daa som ligg innafor omsynssona langs verna vassdrag, vert omdisponert til formål LNFR.	


R8, Sæland	Areal: 99 daa
Frå NGU 	*«Beskrivelse (per 05.10.2005): Forekomsten er en breelvavsetningen ved Sæland med stor utbredelse, men det er bare i partier det er noen mektighet på gruslagene. Den mest interessante delen er iskontaktskråningen og deltaflata vest for Sjelsetvatnet. Her er det også åpnet massetak. Mesteparten av forekomsten ser ut til å bestå av ensgradert sand. I bunnen av massetak 1 kommer underliggende sandig morene til syne. Dybden til fjell er begrenset flere steder. Vanskelig avgrensing og usikkert volumanslag utenom de to markerte områdene.»* Råstoffbetydning (per 19.01.2023): Liten betydning


Kommuneplan 	Området ligg ved Sjelsetvatnet og det har vore uttak i delar av området sidan før 1953.
Reguleringsplan	Området er regulert. Driftstida går ut i 2026
Landbruk	Store delar av området er uttaksområde. Lite er lagt tilbake til dyrka mark. Områda som er dyrka har god eller særs god jordkvalitet.
Fylkesdelplan	Førekomst nr 284: Totalvolum 1,2 mill. m^3, utnyttbart 0,39 mill. m^3 Konfliktar knytte til: kulturminne, landbruk/jordvern, landskap, verna vassdrag og vassressursar. Konfliktnivå vurderast å vera middels.
TS maskin, arkivsak 25/110	Har vore i kontakt med kommunen fordi dei ønsker å fortsetta med uttak innafor området. Dei er kjende med at reguleringsplanen «går ut» innan kort tid. Dei ønsker å utarbeida ny plan som også inneheld forslag til utviding av området
Grunneigarar	Eigar av 43/1 er positiv til vidare drift. Eigar av 43/2 dialog i løpet av høyringsperioden.
Kommuneadministrasjonen, arkivsak 25/110	Kommunen har bedt dei å venta på kommuneplanarbeidet. Det er og gitt signal om at ein skal finna ein måte å la dei fortsetta drifta fram til nytt vedtak etter plan og bygningslova.
KONKLUSJON: Uttaket er i full drift og drivverdig framover. Området R8 tas ikkje ut av kommuneplanen.	





R9, Litla Undheim	Areal : 22 da, 45/5
Kommuneplan	Området ligg på Litla Undheim. I ks.sak 074/19 vart det tilrådd å ta området ut av kommuneplanen, sidan driftstida er ferdig den 12.11.2019.


	
Reguleringsplan 	0218.00 vart godkjende i 2004. Uttakstida er 15 år.
Landbruk	Området er registrert som open fastmark.
Grunneigar	Dialog i løpet av høyringsperioden
KONKLUSJON: Området, på 22 daa, tas ut av kommuneplanen. Området er ikkje opparbeidd etter til reguleringsplanen og planen vert derfor ikkje oppheva.	

R10, Garborg, Gausland	Areal: 52 da
	Frå NGU: Området er registrert basert på Mineralstatestikken. Råstoffbetydning per 19.01.2023 er sett til lokal betydning. Fylkesdelplan: Område er ikkje vurdert i Fylkesdelplanen. Gjeldande reguleringsplan vart godkjend i 2008. Driftstid til 2038. Aktiv sporadisk drift.
KONKLUSJON: Området tas ikkje ut av kommuneplanen	

R11, Storamyr	Areal: 302 da
	Området vart lagd inn ved sist rullering av kommuneplanen. Detaljreguleringsplan er igangsett. Konsekvensutredning ligg føre.
KONKLUSJON: Området tas ikkje ut av kommuneplanen	

R12, Kartavoll	Areal:132 daa , 51/6
Frå NGU 	*«(per 05.10.2005) Forekomsten er en eskerrygg. En stor del av eskeren er utdrevet. Gjenværende masser finnes i ryggen vest i forekomsten, men det er trolig lite og hente fordi fjellet stikker fram i dagen flere steder. Materialet består av lag med sortert sand og grus, også noen store blokker. Forekomsten er vurdert som lite interessant for kommersielle uttak selv om det stedvis kan være begrensede mengder.»*
Kommuneplan	Område kom inn i kommuneplanperioden 2011–2022. Området ligg sør for Buevegen på Kartavoll.

	
Reguleringsplan 	Plan 0429.00 vart godkjende i 2011. (arkivsak 11/163) Arealformåla er steinbrot og masseuttak. Massane skal vera ferdig tekne ut 2031. Størrelse: 150 daa. Arealet er større enn området avsett i kommuneplanen. Planen hadde ikkje krav om konsekvensutgreiing.
Fylkesdelplan for byggjeråstoff 	Førekomst nr. 286 i fylkesdelplanen. Vert vurderast som viktig på kommunalt/lokalt nivå. Arealkonfliktar: verna vassdrag, moderat konflikt.
Landbruk 	Eksisterande dyrka mark har svært god jordkvalitet. Tilbakelagt dyrka mark har også god jordkvalitet. Innafor området er det og beite og fjell.

Dagens drift og tidlegare drift 	Det har vore lite aktivitet i området. Det er berre teke ut massar langs Buevegen.
Informasjon frå Risa as, møte 11.9.2025 	Risa har tatt ut sandmassane i den nordlege delen, langs Buevegen. Ein hadde tenkt å gå meir sørover, men trefte på fjell. Det er sanden som er viktig for Risa og det er derfor viktig for Risa å behalda område kor det framleis er sand. Det er usikkert om det kjem til å verta teke ut massar i skogsområdet (siktagran), i alle fall innanfor driftsperioden, men for Risa er det ønskeleg å ha denne moglegheita. Dei planlegg tilbakeføring til landbruk, i det området dei har teke ut, i løpet av vinteren. Kartutsnittet er en foreløpig berekning på kor mykje areal som kan tas ut av kommuneplanen, dette i samarbeid med Risa.
Grunneigar	Dialog før planforslag vert sendt på høyring.



Temakart Rogaland

Friluftsliv: Delar av området ligg innafor friluftsområdet Brusaknuden og Karten Eksisterande landbruksvegar ser ut til å verta nytta som turtraséar.




Naturskog **:** Via søk på flyfoto ser skogen ut ein siktagranskog og dermed ikkje naturskog.


Kystlynghei: Ut frå flyfoto ser det ut til å vera kystlynghei i eller rett syd for reguleringsplanen. Det er ikkje registrert kystlynghei på temakart Rogaland

KONKLUSJON : På møtet med Risa vart det avklart at dei har stilt ferdig eitt området. I tillegg opplyste dei om at nokre område ikkje er aktuelle pga fjell. Time kommune jobbar vidare, saman med Risa og grunneigar, for å setta ny grense mellom LNFR og råstoffutvinning. Førebels berekning viser at omtrent 56 daa kan omdisponerast til LNFR.

R13, Kartavoll, Osaland	Areal: 122 da, 51/3
Frå NGU 	*«(per 05.10.2005) Forekomsten er en breelvavsetning sør for Oslandsvatnet og Mælandsvatnet. Den største terrassen er sør for Oslandsvatnet. Det er tidligere tatt ut mye masser fra forekomsten. Disse områdene er planert og dyrket, mens et nytt område er åpnet for uttak. Materialet er sortert sand og grus som synes egnet til ulike tekniske formål, men best eget som betongtilslag. Det er usikkert hvor mektig avsetningen er og hvor mye masse som er igjen. Det er også åpnet et uttak lenger vest i forekomsten.»* Råstoffbetydning: liten betydning (2023)
Kommuneplan 	Området kom inn i kommuneplanen i planperioden 2003–2014.
Gjeldende reguleringsplan 	 Reguleringsplanen vart godkjend i 2002. (arkivsak 00/719). Plan 0219.00 .Området er ferdig teke ut og i bruk som dyrka mark.
Fylkesdelplan for byggeråstoff	Førekomst nr 285 i fylkesdelplanen (285).

	Regionalt viktig. "*Arealkonfliktene i området er knyttet til vernet vassdrag, friluftsliv/fiske, landskap og landbruk/jordvern. Konfliktnivået anses som moderat.*"
Landbruk 	Størstedelen av området er fulldyrka og har god eller svært god jordkvalitet Størstedelen av området er fulldyrka.
Informasjon frå Risa as, møte 11.9.2025	Risa er ferdig med å ta ut massar i dette området, og området kan frå Risa sin ståstad tas ut.
Grunneigar	Dialog i løpet av høyringsperioden.
Temakart Rogaland: Innafor området ligg ein parkeringsplass for turar i området, blant anna Karten, planlagde MUTE og Brusaknuden. Landbruksvegane ser ut til å vera i bruk som turtraséar. Grenser til det regionale friluftsområdet Synesvarden-Kartarvatnet. Området ligg mellom to regionalt viktige landskapsområde. Nokre arter innanfor nasjonal forvaltningsinteresse, raudliste arter, sensitive artsdata.	
KONKLUSJON: Massane innanfor godkjent reguleringsplan er tatt ut og området er igjen i bruk som dyrka mark. Dette arealet på 46 daa kan omdisponerast til LNFR. Det er ikkje behov for å oppheva reguleringsplanen da føresegnene krev at området nå skal nyttast som landbruksareal.	

R14, Mellomstrand	Areal: 289 daa, 50/1 og 50/6
Frå NGU 	*«(per 05.10.2005) Forekomsten er en breelvavsetning sør for Oslandsvatnet og Mælandsvatnet. Den største terrassen er sør for Oslandsvatnet. Det er tidligere tatt ut mye masser fra forekomsten. Disse områdene er planert og dyrket, mens et nytt område er åpnet for uttak. Materialet er sortert sand og grus som synes egnet til ulike tekniske formål, men best eget som betongtilslag. Det er usikkert hvor mektig avsetningen er og hvor mye masse som er igjen. Det er også åpnet et uttak lenger vest i forekomsten.»* Råstoffbetydning: liten betydning (2023)
Kommuneplanen 	Uttaksområdet ligg i omsynssone verna vassdrag med forvaltningsklasse 2; Ein må oppretthalda hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar forholda i kantvegetasjonen langs vass-strengen og i område som er ein naturleg del av vassdragsnaturen, bør ikkje tillatast. Leveområde for trua plante- og dyreartar og område med rike kulturminne skal særleg skjermast mot inngrep.
Reguleringsplan 	 Reguleringsplanen 0250.00 vart godkjend i 2004. (arkivsak 04/860). Uttakstida er ute, massene er tekne ut og området er i bruk som fulldyrka areal.
Plan under arbeid	Det er starta planarbeid for eit vindkraftprosjekt i. I Time er det planlagd tilkomstveg og eit fåtal møller.

	
Fylkesdelplan for byggeråstoff 	Førekomst 285 i fylkesdelplanen. Regionalt viktig. "Arealkonfliktane i området er knytte til verna vassdrag, friluftsliv/fiske, landskap og landbruk/jordvern. Konfliktnivået vurderast som moderat."
Landbruk 	Området er i hovudsak fulldyrka jord (god og svært god jordkvalitet), og innmarksbeite (AR5). Det er også karbonrike areal innafor området.
Informasjon frå Risa as	Risa er ferdig med å ta ut sand i dette området, og området kan, ut frå deira ståstad, tas ut av kommuneplanen.
Informasjon frå grunneigar	Dialog i løpet av høyringsperioden
Temakart Rogaland: Området grensar til friluftsområda Laksesvelafjellet og Synesvarden – Kartarvatnet. Området ligg innanfor landskapsområdet Oslandsvatnet - Røyslandsvatnet (Regionalt viktig landskap). Laksesvelafjellet er også eit landskapsvernområde. Det er naturbeitemark, kystlynghei er registrert i nærleiken. Det er nokre arter innanfor nasjonal forvaltningsinteresse, raudliste arter, sensitive artsdata.	
KONKLUSJON Areal som ligg Innafor omsynssoner langs verna vassdrag og/eller areal som er ferdig regulert vert lagde tilbake som LNFR i kommuneplanen. Dette vert omtrent 66 daa. Ut frå Temakart Rogland kan ein sjå at det er mange interesser i området. For å ta omsyn til mellom anna naturmangfald og karbonrike areal må endeleg avgrensing av framtidig uttaksområde avklarast i ein detaljreguleringsplan. Det er ikkje behov for å oppheva reguleringsplanen da føresegnene krev at området nå skal nyttast som landbruksareal.	

3.2.2 Vurdering masseuttaksområde

Omtrent alle områda der det er vist masseuttak ligg i Fylkesdelplan for byggeråstoff og er synlege på NGU sine kart for lausmassar og pukk. I kommunen elles finst det fleire område som er vist på NGU sine kart. I nokre av desse områda er det tatt ut massar tidlegare, utan planbehandling. Dette gjeld mellom anna området ved Njåskogen og på Sæland, delvis der det er føreslått utviding av uttaket. Det er òg eit stort område på Frøyland som ikkje vert rekna som aktuelt for uttak grunna tettstadsutvikling. På den måten er nesten alle områda framleis aktuelle.

Me har område for steinbrot som ikkje er vist hos NGU, men som likevel er vurderte som drivverdige. Desse vurderingane er gjort av næringa sjølv og kommunen. Desse områda er i stor grad allereie i drift, eller er nyleg tekne inn i kommuneplanen. Det finst eit område for steinbrot langs Buevegen, der det vart vedteke ein reguleringsplan i 2011. Planen vart vedteken utan konsekvensutgreiing.

Kommunen har valt å ikkje bruka tid på å finna ut nøyaktig kor mykje massar som er teke ut fram til nå, og har heller ikkje gjort ei vurdering av kor mykje som er igjen. Det finst få eller ingen gode målingar av volum å ta utgangspunkt i, med unntak av mineralstatistikken. Kommunen ser ofte at aktørar kan ta ut meir masse enn det godkjende reguleringsplanar opnar for. Det er derfor gjort endringar i fleire planar.

Kommunen har fram til nå valt å la drivverdige brot halda fram med drift, dersom aktøren meiner det er drivverdig. Eit problem med å krevja avslutning av arbeidet er at det kan verta vanskeleg å gå tilbake til anlegget for å ta ut meir på eit seinare tidspunkt. Då må all fyllmasse i så fall fjernast og mellomlagrast.

Alle eksisterande uttak på Kalberg er i full drift, og aktørane har fått godkjent areal til utviding av områda. Områda sør i kommunen er i større grad prega av drift i mindre skala. Det er godkjende reguleringsplanar som er vesentleg mindre i areal enn både uttaka på Kalberg og områda avsette til uttak i kommuneplanen, gjeld R13 og R14. For R12, Kartavoll, er det er godkjend ein reguleringsplan som er større enn området avsett i kommuneplanen. I godkjend reguleringsplan går driftstida ut i 2031.

Masseuttak er på ein måte i arealkonflikt med landbruket, då områda vert tekne ut av drift i 10–30 år. Dersom det er godkjent uttak på godt fulldyrka jord, vert ikkje nødvendigvis kvaliteten på jorda like god etterpå.

Mange av dei eldre områda er kanskje ikkje konsekvensutgreidde i forbindelse med at dei vart lagde inn i kommuneplanen. I dette fagnotatet er det berre gjort eit overflatisk kartsøk for å sjå om områda har konfliktar dei ikkje hadde då dei vart tekne inn i kommuneplanen eller i fylkesdelplanen for byggeråstoff.

Areala som er viste i kommuneplanen er framleis aktuelle, og arealkonfliktane ser ikkje ut til å ha endra seg vesentleg sidan dei vart tekne inn i planen. Det er likevel

noko uvisse knytt til kystlynghei og areala langs Buevegen. Dette kjem av at områda ikkje ligg inne som kystlynghei, då dei ikkje er registrerte etter ny kartleggingsmetode.

Regional planar og nasjonale forventningar

Det er ei målsetting å snu utviklinga mot meir gjenbruk av overskotsmassar. Eit av verkemidla for å få dette til, er å redusera tilgangen på «nye» massar. Kommunen meiner dette er ei vanskeleg vurdering å gjera for område berre innanfor vår kommune, utan oversikt over kva ressursar andre kommunar har og utan kunnskap om kva typar lausmassar og pukk som finst innanfor same influensområde.

Kommunen har derfor valt å basera vurderingane sine på om nokre område er så viktige for landbruket at dei ikkje bør takast ut av drift over ein lang periode, om det er nye arealkonfliktar, og planane til grunneigar og privat aktør. Det er viktig at områda ikkje vert tekne ut berre for å få ein positivt arealrekneskap med tanke på omdisponering av landbruksjord – særleg fordi mineralressursar krev langsiktig forvaltning.



Fordelen med å ha masseuttaksområde i kommuneplanen over lang tid er at dei kan hindra at nye arealkonfliktar oppstår, ved at anna arealbruk som ikkje bør vera i nærleiken av uttaksområde vert unngått. Når det gjeld masseuttak, er ikkje argumentet om at området har lege i kommuneplanen utan å verta teke ut eit godt grunnlag for å fjerna det frå planen – det betyr berre at ressursen har vore i reserve.


Dette argumentet må vegast opp mot omsynet til landbruket, då det å ha eit område sett av til masseuttak utan at det vert teke ut, kan påverka landbruksdrifta og langtidsplanlegginga av gardsdrifta. I ytste fall kan det å ha eit område avsett til masseuttak hindra investeringar i landbruksdrifta.

3.3. Anna formål

3.3.1. Område til golfbanen på Grødem

Jæren Golfklubb -Grødem	Areal: omlag 350 dekar gnr/bnr: 64/5, 64/11/, 64/18,64/19, 64/21, 64/22, 64/23

Kommuneplan 2018-2030 	Området har føremål Idrett
Reguleringsplan 0194.00 	Om lag 250 av om lag 350 dekar er ikkje regulert Reguleringsplanen vart godkjend i 1999 og området synest med føremål golfbane. I februar 2023 (ULK 005/23) er det gitt dispensasjon frå plankravet for å utvida dagens klubbhus og å setta opp eit golfsimulatorbygg utanfor det regulerte området. 
	Arealet som vert vurdert å få tilbakeført til LNF er på om lag 55 dekar.
Landbruk	Det aktuelle området er fulldyrka jord og jordkvaliteten er svært god.

  	
Kulturminne 	Databasen Askeladden syner eit stort kulturminneområde som dekker store deler av det aktuelle området. Kulturminna vil gjera det konfliktfylt å etablera tee-ar
Informasjon Jæren Golfklubb	Møte torsdag 16.10.2025:Jæren Golfklubb har heller behov for å utvida enn å redusera arealet som i dag ligg i kommuneplanen. Dei vurderer å setta ein medlemstopp, sidan dei ikkje har nok kapasitet.
Informasjon frå grunneigar	Dialog i løpet av høyringsperioden
KONKLUSJON Arealet som per i dag er fulldyrka jord, men ennå ikkje nytta til golfklubben bør verta verande, og ikkje tas ut.	

4. Avslutning og hovudkonklusjon

4.1 Forsvar

For forsvarsområda er det lagt mest vekt på at forsvaret har uttrykt at dei ikkje treng områda lengre. Nå det gjeld området ved Melsvatnet har kommunedirektøren også lagt vekt på at området ligg mellom eit verneområde og eit regulert friluftsområde og areal rundt er landbruksområde. Omtrent 910 daa av forsvarsareala vert anbefalt omdisponert til LNFR.

4.2 Masseuttaksområde

Det bør visast varsemd med å ta ut område som er sette av til råstoffutvinning, då dette er ein naturressurs som krev langsiktig forvaltning. Time kommune er ein del av eit større byområde, og det er ikkje føremålstenleg å planlegga ressursen berre ut frå kommunen sitt eige behov. Areala som vert føreslått tekne ut av kommuneplanen er anten ferdig uttekne, små eller ligg i 100-meterssona til verna vassdrag. Det vert gitt følgande råd om masseuttaksområda skal takast inn eller ut i denne vurderinga av kommuneplanen.

området for råstoffutvinning	Størrelse (daa)	areal tatt ut (daa)	Areal i ny kommuneplan (daa)
RK1, Kalberg	103	0	103
RK2, Kalberg	100	0	100
RK3, Kalberg	199	0	199
RK4, Kalberg	30	0	30
RK5, Kalberg	76	0	76
Unummerert, Åsland	2	2	0
Unummerert, Åsland	7	7	0
R7, Hålandsvatnet	17	10	7
R8, Sæland	99	0	99
R9, Litla Undheim	22	22	0
R10, Gausland	52	0	52
R11, Storamyr	302	0	302
R12, Kartavoll	132	56*	76*
R13, Kartavoll-Osaland	122	46*	76*
R14, Mellomstrand	289	66*	223*
SUM	**1 574**	**209***	**1365***
*usikkert tal			

Det juridiske forholdet mellom kommuneplanen og reguleringsplanen i og ved R12 må avklarast nærmare i kommuneplanprosessen.

4.3 Golfbanen

Jæren Golfklubb har heller behov for utviding enn å reduksjon av området som ligg i kommuneplanen. Heile arealet sett av i kommuneplanen til golfklubben vert verande liggande, inkludert dei 55 dekar som ikkje er i bruk ennå.

5. Plankart

Råstoffutvinning:

Endeleg avgrensing av uttaksområde må avklarast i detaljreguleringsplan.